

# Reglar og rutinar i Solsikka barnehage

## **Tilvenning**

Tilvenninga vert lagt opp individuelt, etter behov til det ein skilde barnet. Personen som står oppført øvst på arket kjem til å ta i mot barnet, og er også den som tar i mot informasjon frå foreldra. Denne personen kan vere kontaktperson til barne og foreldra kjenner seg trygge nok. Av erfaring ser vi at det er viktig at barnet blir vandt til også dei andre vaksne i løpet av den første dagen, då blir det mindre sårbart dersom kontaktpersonen er på pause, har fridag eller vert sjuk. Prøv etterkvart å "gje slepp" på barnet, slik at det får prøve seg litt på eiga hand. Då vert heller ikkje overgangen så stor når du skal gå. Vi avtalar etterkvart som vi ser kor det går. Når barnet byrjar i bhg bør foreldra ta seg tid til å vere saman med barnet dei fyrste dagane. Det er forskjellig kor lang tid det tek før barnet er tilvent. Det brukar å ta nokre dagar.

Overgong frå heim til barnehage inneber ein lausrivingsprosess både for foreldre og barn. Tilvenning til nytt miljø og nye situasjonar er ein prosess som tek litt tid.

Første dag er det greitt om ein er der heile tida og er aktivt med å introduserer det nye miljøet til barnet.

Andre dag kan ein halde seg litt meir i bakgrunnen og ein kan prøve å gå nokre timar, trede dag kan ein prøve å vere vekke i lenger periode, men likevel vere lett tilgjengeleg. Det er viktig at de avtalar med personalet og det kan vere greitt at barnet ikkje har så lange dagar i starten. De må alltid seie hadet til barnet slik at det veit at du går. Sjølv om barnet byrjar grine når de går, bør de likevel gå og heller ringe til bhg etterpå, for barnet roar seg ofte like etter.

Når eitt barn har blitt tilvendt og alt går greitt, så er det greitt å vite at det brukar å kome eit "tilbakefall" med nokre etter nokre veker, men denne går fort over som oftast. Er de usikre på noko, så spør personalet.

## **Henting /bringing**

Barnehagen har kjernetid frå ca kl 9. – 15. Innanfor dette tidsrom vil vi normalt legge fellesaktivitetar osv. Det er ingen problem dersom barnet kjem seinare, men det er lurt å ta ein telefon til bhg slik at de veit kvar basa er hen og kan levere der dei er.

De fyljer barnet inn i garderoben og hjelper barnet med kleder og ser at sakene kjem på rett plass.

Sei alltid frå til barnet når du går!! Barnet vil etter ei tid bli usikker dersom ein "snik" seg ut. Dersom andre hentar barnet ynskjer vi å få vite dette på førehand. **Mindreårige får ikkje hente barn med mindre dette er avtalt på førehand!** Beskjeder gjev de til mottaksvakt/ garderobevakt når de kjem.

Den som hentar barnet har ansvar for barnet etter det er komen til bhg. Vi ynskjer at det seier ifrå til personalet når de går. Hugs å late att porten når de går. Ikkje la barna gå ut av porten utan at det er saman med den vaksne. Vi oppmodar alle til å stoppe bilen medan dei er i barnehagen. Det er lett for eit barn å klatre inn i førarsetet, og då torer vi ikkje tenke på kva som kan skje. Vi ber også alle om å bruke parkeringsplassen, i staden for å parkere framfor porten.

## **Kleskift**

Barnet må ha liggande kleskift i bhg., helst to heile skift. Vi legg våte/skitne kle i pose og heng på plassen til barnet. Hugs å fyll på med meir kle når de tek kle heim til vask. Det kan vere greitt å ta ein kik i korgene med jamne mellomrom. Dersom det er tomt for skiftekle, skriv vi ein lapp og sender heim. Hugs også å sjekke utkle om dei treng ein vask i blant. Desse heng på vaskerommet.

## **Merking av klede/sko**

Alle klede og sko **MÅ** vere merka. Det lettar arbeidet for personalet når dei skal hjelpe barna med påkledning og ein slepp at ting forsvinn. Skriv gjerne initialane på alle plagg og sko.



Det går også an å bestille merkelappar som kan klistrast/strykast på.

Det er fint om barna har tøflar/kroks/ innesko, men vi har mange skofrie soner, så det valfritt om ein vil ha innesko.

## **Informasjonsrutinar**

Kvar base har ein månadsplan og på baksida har ein meir info om mnd og litt meir pedagogisk begrunnelsar for val i kvardagen. Desse vert sendt på e-post til alle, og hatt ut i hyllene til dei som ber om det. Desse planane prøvar vi også å legge ut på heimesida til barnehagen. Elles vil der henge informasjon på tavla i yttergang, t.d. avkryssingslister. Gi beskjed dersom de ikkje ønskjer å motta info på e-post. Det er er også avkryssing på løyveskjema i høve til om ein ynskjer info i papir i tillegg. Elles er det berre å spørje/ ringe/ maile om de lurer på noko.

## **Sjukdom**

Barn som går i bhg. er meir utsett for infeksjonar enn andre barn. Dette gjer at barnet ofte er mykje sjuk første året det går i bhg. Når barnet er for sjukt til å vere ute, må det vere heime. Når barnet vert sjukt i barnehagen kontaktar vi foreldra, slik at barnet vert henta.

Det er nokre retningslinjer for kor lenge barnet skal vere heime ved ulike sjukdomar, og vi ber om forståing for dei tidsfristane.

- Feber – barnet bør ha ein FEBERFRI dag heime før det kjem tilbake til barnehagen.
- Oppkast/ magesjuka - FHI anbefaler at barnet er heime 48 timar etter at det er fri for symptom.

Dersom barnet treng reseptbelagt medisin, enten fast eller kortvarig, har vi eit skjema som de må fylle ut. For barnets beste er det også viktig at de opplyser oss om eventuelle allergiar. Sjå elles skrivet om forebyggande helsearbeid.

## **Mat/drikke og bursdagsfeiring**

Vi har all mat i bhg. Det er greitt om barna som skal ha frukost er komne til kl 8.30. Vi har brødmatt til frukost, av og til havregraut. Hovudmåltidet er brødmatt. Ein gong i veke har vi varmt måltid, det er ikkje nødvendigvis middag, men noko varmt. Ettermiddagsmat er frukt og litt attåt (knekkebrød, skive, gryn og mjølk, yoghurt, havregraut etc..) Barna får lettmjølk og vatn til måltida og litt frukt/grønsaker også.

Barna skal ikkje ha godteri og tyggis i barnehagen.

Vi er ein sunn barnehage og serverar ikkje kake osv ved bursdagsfeiring. Vi samlar opp og har felles bursdagsfeiring for barna pr mnd. Bursdagsbarna må då bli einige og får velje sunn bursdagsmat.

(Bursdagsbarna vert sjølvstekt feira med krone, song og leikar den dagen dei har bursdag, dei får vere midtpunktet den dagen). Vi ynskjer ikkje at de delar ut bursdagsinvitasjonar i barnehagen. Dette må de ordne heime. Det kan fort bli veldig synleg for barna om kven som har fått og ikkje.

## **Søvn og kvile**

Det er travelt å gå i barnehage og dei yngste barna har behov for å sove middag. Barna får sove i vogn ute Barnehagen har nokre vogner og ein del dyner, men vi ser helst at de har med eigne vogner. Vinterstid er det også fint om ein har litt tjukkare sengkle med. Dei yngste søv middag ca 11.30/12. Det er flott om de prøvar å tilvenne barna til å sove middag denne tida. Det å sove på ein framande plass, bli lagt av ukjende personar og samstundes med andre tek tid å venje seg til. Det kan difor bli smått med søvn for enkelte fyrste tida.

Vi vil prøve å få til ei kviletid etter måltidet for barna som nettopp er slutta å sove.

## **Leiker heimanfrå**

Vi har ein regel på at vi **ikkje tek med leiker heimanfrå** (gjeld ikkje overgangsobjekt(kosebamse) for dei yngste). Barnehagen har mange leiker og ting vert lett blanda dersom alle tek med leiker, og vi opplever konflikhtar blant barna når nokre har eigne leiker. Dersom barna absolutt må vise leiker til dei andre, så ta dei med og la dei vise dei for så å ta dei med heim når de går om morgonen. Det er litt anna dersom det er ei spesiell bok, cd ein vil høyre på, men då bør personalet styre det.

## **Solkrem & Bading**

I dei tidene vi treng solkrem må barna kome til barnehagen ferdig smurte. Vi har solkrem i bhg og smør utover dagen. Dersom nokon skal ha ein spesiell krem osv må dei ha med denne sjølv og ha liggande i korga. Det er fint om alle barna også har ein solhatt og solbriller liggande i bhg.

Når temperaturen tillet det så let vi barn få gå berrfytte i barnehagen. Vi har også vannspreidar vi brukar sommartida når veret tillet det.

Vi har vassleikerom i bhg som vi brukar i løpet av veka. Barna må ha badedrakt/badetruse liggande i bhg, desse vaskar vi. Bleiebarn må ha badebleie eller fora badetruse.

## **Rydding ute/ inne**

Vi ynskjer at barna skal rydde etter seg når dei held på med ein aktivitet, men vi har også felles ryddetid der alle ryddar. Det å lære å halde orden i saker og ting er viktig, på den måten slepp ein at ting forsvinn og ein veit kvar ein finn dei ulike tinga.

Vi ynskjer at barna skal rydde nokre uteleiker/leiker før dei går for dagen. Det er fint om de foreldre oppmodar barna til å rydde når de hentar barna.

## **Ferie & Fri**

Det er viktig at barnehagen i god tid får vite kva tid barnet skal ha ferie. Alle skal ha 4 veker ferie i løpet av barnehageåret. Der 3 av vekene skal vere samanhengande og i ferietida mai-sept. Tidleg desember vert det hatt ut liste vedr. juleferien, og nokre veker før påske vedr. påskeferien. Ferielappar også vert sendt ut tidleg på året, då i høve til fellesferien. Sjå elles vedtektene.

Det er fint om de gir beskjed på førehand dersom de veit at barna vert vekk nokre dagar. Dersom de veit at barnet har fri ei heile veke i løpet av året, gi oss klar beskjed om at dette er ei ferieveke, så slepp vi å stusse når ein skal sette opp dei 4 vekene. Dersom barnet har fri jul OG påske, tel dette som 1 ferieveke.

## **Ekstradagar**

Dei barn som har delt plass, har av og til behov for ein ekstradag. Spør i god tid i bhg om der er kapasitet. Betaling for slike dagar vert samla opp 2 gongar pr år og sendt ut giro på. Ekstradagar kostar kr 150 for store barn og 180 kr for små barn. Det er ikkje høve til å bytte dagar.

## **Skogskjegg/skinstryte**

Desse basane har fast personalet og dei har faste dagar i veka der dei er friluftsbaser (der dei fer ut på tur heile dagen) og aktivitetsbase (som er meir «tradisjonell» bhg.dag). Det er flott om barna har ein tursekk og ei drikkeflaske liggande i barnehagen.

## **Basetenking**

Vi er ein basebarnehage. Det inneber at all areal i bhg. er fellesareal. Vi er saman om morgonen og på ettermiddagen elles så er vi delt i fire ulike basar. To småbarnsbasar; Småstork (1-2 år) og Storknebb (2-3 år)

og to 3-6 års basar; Skogskjegg og Skinntryte. Det betyr at store delar av dagen er vi delt i basar; frå ca. kl. 9.00 – 14 (15). Det betyr også at når barna vert levert og henta så har vi fellestid.

Barna vert godt kjent med alle vaksne og dei største barna hjelper dei små og dei små får store forbilde og noko å strekke seg etter.

Dette gjer at vi er fleksible og er mindre sårbar ved t.d. fråvær.

## Inne og utereglar som barna har vore med å laga ☺

### Utereglar for Solsikka barnehage

- Sykling gjer vi på asfalten og i skogen ( ikkje ned veien og i bakken)
- Det er så farleg med sjanglefart, så vi reiar vanleg i reiene
- Graving gjer vi i sandkassene (ikkje i fallsanden)
- I sklia har vi einvegskøyring og ingen leikesaker med oss
- Vi klatrar ikkje lenger enn til midten på klatretreet og har ikkje med oss leiker opp i treet.
- Dei vaksne må bruke skjønn når det er snakk om vatn, sand og mold, då i leik.
- Berrføtt går vi kun når det er sommar og når vèret tillet det
- Alle skal rydde litt leiker før dei går heim eller før vi går inn
- Når vi er på tur utom barnehagen går vi fint to og to på rekke
- På turplassen går vi aldri lenger vekk enn at vi ser dei vaksne og dei vaksne ser oss.

### Innereglar for Solsikka barnehage

- I sofaen sit vi fint
- Vi leikar fint i "leikehuset"
- Springing og brøling kan vi gjere ute
- Vi snakkar fint til; og med kvarandre og brukar innestemme
- Når vi vil noko spør vi fint – og lærer oss å vente på tur
- Bøker les vi fint i; ikkje leikar med dei
- Dersom vi vil ha ned nokon leiker som er høgt oppe- spør vi ein vaksen
- Når vi er ferdige med noko – ryddar vi opp etter oss

**VELKOMNE TIL OSS I SOLSIKKA BARNEHAGE!!**